



Institutt for filosofi og førstesemesterstudier

Instituttrådet

Dato
13.08.2025

Referanse
2025/5186

Tid: Torsdag 19. juni kl. 09.15 – 10.40
Stad: Sydneplassen 12/13, seminarrom 1. etasje
Til stades: Steinar Bøyum, Eivind Kolflaath, Vibeke Tellmann, Rune Falch (vara), Gunnar Karlsen, Julie Zahle, Kirsten Bang, Tore Øgaard, Vivian Steinsund
Forfall: Hans Marius Hansteen
Ikkje møtt: Ingrid Øverland, Nicolay Kræmer

Protokoll - instituttrådsmøte 19.06.25

I Godkjenning av innkalling og sakliste

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

II Orienteringssaker

- Fakultetsstyresaker frå 17. juni: Saka går ut grunna Hansteen sitt forfall, men jf. nokre av sakene nedanfor.
- Fakultetsstyresak om LES100: Instituttleiar orienterte om fakultetsstyresaka og vegen vidare for LES100.
- Publiseringsstrategi for Det humanistiske fakultet 2025-2023.
- Valresultat fakultetsstyre og instituttråd for perioden 2025-2029: Frå gruppe A har desse blitt vald inn i instituttrådet på FoF i perioden 2025-2029: Torfinn Huvenes, Lukas Skiba, Julie Zahle, Hans Marius Hansteen og Mette Hansen. Karlsen, Sørli og Skilleås er dei første tre vararepresentantane.
- «Budsjettering av undervisningsressurser og bruk av arbeidstidsregnskap ved Det humanistiske fakultet» - rapport frå arbeidsgruppe og høyringsinnspel frå FoF til saka: Instituttleiar orienterte om innhaldet i rapporten, FoF sitt høyringssvar og mogelege vegar vidare etter ny fakultetsstyresak i haust.

Postadresse
Universitetet i Bergen
Institutt for filosofi og
førstesemesterstudium
Postboks 7800
N-5020 BERGEN

E-post:
post@uib.no

Organisasjonsnummer
874 789 542

Saksbehandlar
Steinar Thunestvedt
Telefon: 55582384
Mobil:
E-post: Steinar.Thunestvedt@uib.no

- Lokal lønnspolitikk – minste startlønn fra 01.06.2025: Det har blitt gjort justeringar på minstelønsatsane på UiB med verknad frå 01.06.25.
- Tilbakemelding internkontrollområder 2024 – Det humanistiske fakultet: Instituttleiar orienterte og nytta høvet til å presisere at FoF er fullt på høgda også når det gjeld rapportering om «informasjonsikkerhet og personvern» – noko rapporten feilaktig indikerer ikkje er tilfelle.

III Vedtakssaker

2025-09 Budsjettinnspel for 2026

Vedtak:

Instituttrådet slutter seg til framlegget til budsjettinnspel for 2026, men med desse tekstjusteringane:

- 1) I avsnittet om erstatning av emneansvarleg på Det juridiske fakultet må også behovet for kompetanse i rettsfilosofi framhevast som eit argument.*
- 2) I avsnittet om «uventade avgangar» blir det presisert at den eine av desse skal i permisjon (eitt år).*

2025-10 Val av medlemmer til instituttrådet for perioden 2025-2029 – FoF (gruppe B, C og D)

Vedtak:

Instituttrådet vel Ane Engelstad som medlem for gruppe B i perioden 01.08.25 – 31.07.26. Jens Tyssedal og Carlota Megias blir valt til vararepresentantar.

Instituttrådet vel Kirsten Bang som medlem for gruppe C i perioden 01.08.25 – 31.07.29. Masa Krbacevic og Johan Ulla blir valt til varamedlemmer.

Instituttrådet vel Vegard Espeset Juvik, Frøya Lothe Flateråker og Emi Aylin Paez Rokseth som representantar for gruppe D i perioden 01.08.25 – 31.07.26. Knut Johan Farestveit, Håkon Hembre Helgøy og Dina Karoline Sylten Stokland blir valt til varamedlemmer.

2025-11 Studiekvalitetsmelding for 2024/2025

Vedtak:

Instituttrådet sluttar seg til instituttleiar sitt framlegg til studiekvalitetsmelding for 2024/25.

Steinar Thunestvedt
administrasjonssjef

